

Oppdragsgjevar: **Trøndelag fylkeskommune**

Oppdragsnr.: **52308826** Dokumentnr.: **AKU-RAP-001 Støyfagleg utgreiing**


Til: Jorunn By
Frå: Tormod Utne Kvåle
Dato 2024-10-08

► Fv. 777 Jøa til land - Støyfagleg utgreiing

Innleiing

Norconsult Norge AS har i oppdrag for Trøndelag fylkeskommune gjort ei forenkla støyfagleg utgreiing som grunnlag for regulering av fv. 777 Jøa til land. Reguleringsplanen legg til rette for ferjefri veg mellom Elvalandet og Jøa løyst med flytebru.

Støysituasjonen i driftsfasen og anleggsfasen er vurdert mot anbefalte grenseverdier i støyretningslinja T-1442/2021 [1] med tilhøyrande rettleiar M-2061 [2].



Figur 1. Oversiktskart med plangrense (Norconsult Norge AS, planprogram)

Oppdragsgiver: Trøndelag fylkeskommune
Oppdragsnr.: 52308826 Dokumentnr. AKU-RAP-001 Støyfagleg utgreiing



Figur 2. Veglinje (Norconsult Norge AS, planprogram)

Delstrekning 1 på fastlandet går frå Jektmyra til Ølhammaren. Frå starten i eksisterande fv. 777 går vegen i uberørt terreng. Det ligg ingen bygg med støyfølsam bruk i nærleiken av vegen. Avstand frå starten av ny veg til næraste bustadar på Uggset er over 1 km.

Delstrekning 2 er sjølve flytebrua. Delstrekning 3 koplar seg på Frenndalsvegen og passerer i kort avstand frå ein bustaden med adresse Frenndalsvegen 31. Strekninga vert avslutta i kryss mot eksisterande fv. 7080 Dunavegen.

Støyfaglege vurderingar

Støy i driftsfasen

T-1442/2021 gjev følgjande anbefalte grenseverdiar ved etablering av ny veg:

- Støynivå utanfor vindauge i rom med støyfølsam bruk skal ikkje overskride $L_{den} = 55$ dB.
- Støynivå utanfor soverom skal ikkje overskride $L_{5AF} = 70$ dB i nattperioden kl. 23-07 (10 hendingar).

Framtidig årstdøgns trafik (ÅDT) er anslått til 300 kjøretøy/døgn. På fastlandet vert det planlagt for fartsgrense 80 km/t og på Jøa 60 km/t.

Retningslinjas rettleiar M-2061 seier følgjande om lydnivå i tilfelle med lav trafikkmengde:

«Når fartsgrensen er lavere enn 50 km/t, og trafikkmengden under 500 per døgn, er det vanlegvis ikkje nødvendig med støyutredning.

Oppdragsgiver: Trøndelag fylkeskommune
Oppdragsnr.: 52308826 Dokumentnr. AKU-RAP-001 Støyfagleg utgreiing

Når trafikkmengden er mellom 500 og 1000 kan det vurderes ut fra stedspesifikke forutsetninger om det er nødvendig med en støyutredning. Ved rene adkomstveier med lav hastighet, uten tungtransport og trafikkmengde under 1000 er det vanligvis ikke nødvendig med støyutredning.

Støyen fra veger med trafikkmengde mindre enn noen få tusen biler i døgnet er preget av enkelthendelser. Det er stille i lengre perioder, men støy de gangene et kjøretøy passerer. Det tidsmidlede lydnivået alene gir derfor ikke en god beskrivelse av støybildet ved svært lav trafikkbeltning.

Når det planlegges utbygging i støyutsatte områder med lav trafikkmengde er det innendørs lydnivå i soverom som bør vurderes nærmere.»

Her er trafikkmengda svært låg (ÅDT = 300 kjøretøy/døgn, 8 % tungtrafikkandel) og støysituasjonen vil vere prega av enkelthendingar. Grunna den låge trafikkmengda er det ikkje gjort fullstendige berekningar av støy i driftsfasen.

Ved einbustaden med adresse Frenndalsvegen 31 vil ny veg passere i ein kortaste avstand på ca. 15 meter frå senterlinje ny veg til fasade. Forenkla berekningar av støy nivå gir høgst $L_{den} = 52$ dB (3 dB under aktuell grenseverdi for støy frå nye vegar) og $L_{5AF} = 79$ dB ved fasade. Maksimalt støy nivå i nattperioden overskrid anbefalt grenseverdi ($L_{5AF} = 70$ dB), men for at denne grenseverdien skal gjelde må det vere minst 10 støyhendingar per natt over grenseverdien. Her er det i snitt ei støyhending frå tunge kjøretøy og to frå lette kjøretøy over grenseverdien per natt.

Støysituasjonen vil tilfredsstilla gjeldande grenseverdiar i støyretningslinja T-1442/2021 utan ytterlegare tiltak.

Støy i anleggsfasen

Arbeidet som følger av denne reguleringsplanen vil i hovudsak vera masseutskifting og bygging av veg i tillegg til bygging av sjølve brua. Ved Ølhamaren skal det sprengast ut ei tosidig skjering. På landsida kan det vera ein vil knuse massar lokalt for gjenbruk i vegbygginga.

Støy frå anleggsarbeidet må handterast i byggeplan. Reguleringsføresegnene bør stilla krav om at det skal gjerast ei vurdering av støy frå anleggsarbeidet mot krav og retningslinjer i T-1442/2021 kapittel 6.

Referansar

- [1] «T-1442/2021 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», Klima- og miljødepartementet, jun. 2021.
- [2] «M-2061 Veileder om behandling av støy i arealplanlegging», Miljødirektoratet. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/stoy/for-myndigheter/veileder-om-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging/>

A03	2024-10-08	Oppretting etter fagkontroll, klar for tverrfagleg kontroll	Tormod Utne Kvåle	Adam Suleiman	Jill Hammari Sveen
A02	2024-10-07	Fagkontroll	Tormod Utne Kvåle	Adam Suleiman	
A01	2024-10-01	Eigenkontroll	Tormod Utne Kvåle		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.